



Bjørn Naterstad og Torjus Lamberg Torjusen i Arendal

**Riotjazzbandet Brazzooka med 8 ungdommar i alderen 14-20 år frå Stord,Rosendal og Uskedalen har vore på ein strålende turnè på Sørlandet.**





Sindre Aksnes - eit stort talent

Bandet var invitert til å spele på ei talentmønstring for unge musikarar i regi av Sørnorsk jazzforum under Canal Street jazz og bluesfestival i Arendal.

Dei spela i strålande sol på ein nydeleg intim utescene som heiter "Bakgården," i Arendal sentrum.

Deltakarane fekk 20 minuttar på scena med ein jury og publikum til stades.

Brazzooka, som har utvikla seg mykje denne våren og sommaren, spelte for det meste eigenproduserte låtar. Det er leiaren i bandet, 16-åringen Sebastian Lamberg Torjusen som lagar mest musikk, men også Marius Lamberg Torjusen har komponert for bandet.

Konserten vart ei flott oppleving for musikarane, men truleg størst for jury og publikum. Brazzooka gjorde slik dei ofte gjer, overraska publikum med musikken, besetninga og sceneshowet sitt.

Tilbakemeldinga frå juryen inneheldt ord som:upretensiøst, rett til kjernen av det vi er på jakt etter, fantastisk flott å høyre på, humørfyllt og underholdande, vi vart sittande med haka nedpå brystkassa.....stor prestasjon frå så unge musikarar, at dei også komponerer eigen musikk er veldig spesielt. Og kor i all verda har de fått tak i ein perkusjonist som i ein alder av 14 år spelar som ein gammal Cubanar som ikkje har gjort anna enn å spele trommer heile sitt liv ?

Dei to neste dagane var Brazzooka gatemusikantar i Kristiansand sentrum. 28 grader og sol frå blå himmel var ei flott ramme for konsertane dei heldt i gågata.

" Det var spesielt kjekt å oppleve at folk stimla saman for å høyre då vi spelte, "seier Sebastian. "På det meste vardet godt over 100 personar som sto og hørde på i tillegg til dei som dreivsaakte forbi. Tilbakemeldingane var mange og utelukkande positive og spelinga gav eit fint tilskot til reisekassa vår. Gatemusikantar er heilt klart noko vi vil vera fleire gonger."

Turnèen vart avslutta med konsert på Norges Musikkorpsforbund sitt svarte sommarkurs på Moi. Svart kurs er for korpsungdom i alderen 15-19 år. Også her vart det ståande applaus frå eit ungt musikkinteressert publikum.

"Å vera på tur og spele på ulike stader og for så mange menneske er veldig kjekt. Brazzooka fekk presentert musikken sin og tilbake fekk vi mange smil. Ei vaksen dame i Kristiansand kom fram til oss etter konserten og sa: "Dette trengte vi, tusen takk."

Neste oppdrag for Brazzooka vert på Sildajazzen iHaugesund 12. Og 13. august. Her skal dei spele i teltet ved

"To glass" fredag kl 21.30. Lørdag er Brazzooka å finne i paraden, på Maritim utescene kl 14.00 og i teltet ved "To glass" kl 16.30.

"Vi spelte på Sildajazzen i fjor og det var fantasisk kjekt, så dette gler vi oss stort til," seier Sebastian. Hausten vert og aktiv for den populære gruppa, då det er fleire som alt har tinga dei til oppdrag. Sommaren er festivaltid men Brazzooka spelar og i bursdagar og på jubileumsfestar eller for bedrifter i ulike samanhengar.

Tekst og foto:

Kristin Lamberg